

NYTT
FRÅ
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**



Nr. 26 16. november 2007

Innhald

Hellesethsymposium og Nordic Combinatorics Conference
Ikkje instituttseminar 22. november
Instituttseminar, våren 2008
Nøkkelprikke i heisen
Politikk for innkjøp av datamaskiner
Kontorsjef ⇔ administrasjonssjef
Nye stipendiatar, bioinformatikk

Hellesethsymposium og 9th Nordic Combinatorics Conference



I samband med Helleseth sin sekstiårsdag neste veke (22.11) arrangerer Seltersenteret eit symposium 21. og 22. november. Dette er knytt saman med 9th Nordic Combinatorics Conference (NORCOM) som Seltersenteret arrangerer 23. og 24. november. Alle er velkomne til å delta på førelesingane både på Hellesethsymposiet og på NORCOM.

For meir informasjon og program, sjå:

<http://www.ii.uib.no/~riera/conference/index.html>


Ikkje instituttseminar 22. november

På grunn av Hellesethsymposiet som er åpent for alle blir det ikkje vanleg instituttseminar 22. november.

Nøkkelprikke i heisen

For å koma seg frå 1. etasje til etasjane lengre oppe i bygget før klokka 0700 eller etter kl. 1630 må ein no bruka den blå nøkkelprikka for å få heisen til å gå. Bakgrunnen for tiltaket er at det har vore fleire innbrot oppover i etasjane utanom arbeidstid, og målet er å gjera tilgangen for uvedkommande vanskelegare. Om kort tid vil og tilgangen til trappeoppgangen bli regulert på same måten.

Instituttseminar, våren 2008



Ansvarlege for instituttseminaret våren 2008 blir Matthew Parker og Trond Steihaug. Når de har gjester til instituttet er det naturleg å be dei om å halda innlegg på instituttseminaret.

Ha det i mente, og gje beskjed til Matthew eller Trond i god tid. Dei vil og gjerne få framlegg til andre føredragshaldarar. Kvar gruppe bør koma opp med eit par framlegg.



Politikk for innkjøp av datamaskiner

Alle tilsette får ein fast PC på kontoret. For prosjekttilsette (og gjester) må prosjektet ta kostnaden, for UiB-lønna tek instituttet kostnaden. Maskinene blir normalt sett opp med Linux for vitenskapleg tilsette og Windows for administrativt tilsette – andre ynskje må avklarast med Haakon som administrerer innkjøp av datautstyr. Maskinene blir drifta av IT-avdelinga.

Tilsette som ynskjer ei bærbar maskin i tillegg må avtala innkjøp med Haakon. For UiB-lønna kan infrastrukturmidlar eller prosjektmidlar brukast. For prosjektlønna må kostnaden dekkjast av prosjektet. Finansieringa må vera avklara før ein kontaktar Haakon. Maskinene blir drifta av IT-avdelinga og blir sett opp med Windows (IT-avdelinga har enno ikkje noko tilbod om Linux for bærbare maskiner og heller ikkje tilbod som gir felles område for filar under Linux og filar under Windows).

Kontorsjef ⇔ administrasjonssjef



Universitetet har bestemt at leiarar for administrasjonane ved institutta skal ha tittel administrasjonssjef (men det er ingen endringar i tilsetjingsvilkår eller arbeidsoppgåver), medan tittelen kontorsjef skal brukast for leiarar av administrative einingar ved fakultet eller i sentraladministrasjonen.

Signe er såleis no blitt administrasjonssjef for instituttet.

Nye stipendiatar, bioinformatikk

Bioinformatikk har fått to nye stipendiatar på Fugeprosjekt.



Chirag Nepal



Jan Christian Bryne